



Klare for grusing av gamal kyrkjestig: Odd Steinar Arnesen, Kjell Yri, Audun Eik, Ståle Eik og Gunnar Kjerland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dugnadsånda i Uskedalen blir gong på gong teke fram som eit godt og positivt døme for andre i Kvinnherad – sist under valkampen. Og det kjem stadig prov på at det her er tale om ein realitet og ikkje berre talemåtar utan dekning.

Seinast måndag ettermiddag var fem mann i arbeid med å rusta opp den siste biten av den gamle stigen som vart nytta av folket på Skorpo, Flatholm og Neset då dei skulle til kyrkja. Nærare bestemt galdt det den 150 meter lange biten frå båthamna, langsmed kyrkjegarden og opp mot porten inn til kyrkja.

Leiar i soknerådet Audun Eik hadde bedt leiar for friluftsgruppa i Bygdeutviklingsprosjektet Kjell Yri om bistand og dermed vart det eit positivt samarbeid.

Det tok karana eitpar timar å reinska opp stigen og grusa han.

Tormod Myklebust heldt traktor for grustransporten.

Av Ola Matti Mathisen